

Referat frå klasseforeldremøte for 5.trinn.

Dato: 28.april -16

Stad: Hordabø skule

Foreldre frå 5 heimar møtte.

Viser til vedlagt PowerPoint: Gjennomgang av timeplan, vekeplan, utfordringar i klassen, forventingar til eleven, heimen og skulen.

Kva som blei særleg vektlagd på møte:

- Val av klassekontaktar for skuleåret: Tormod Grindheim (1.åt att), Vidar Kvalheim (2.år).
- Samarbeid skule-heim: Me heldt fram med sms for tett kontakt. Kontaktlærer skal begynna att å senda vekeplan på mail. (den ligg også på kommunesida og itslearning).
- Fin klasse der elevane respektere kvarandre, er høflege og gjer uttrykk for å trivast. Dei sit saman to og to, dette vert endra annakvar måndag. Me har eit program på smart-tavla som trekkjer kven som skal sitje med kvarandre, noko som er rettferdig og gjer at alle lærer å samarbeide med alle. Elevane og eg er godt nøgd med denne ordninga.
- Elevane er trygg på kvarandre, alle kan lesa høgt/presentera noko for klassen.
- Framleis viktig å stilla krav til eleven. Sjå forventningar til eleven, heimen og skulen.
- Les vekeplan saman med elev, planlegga veka, snakka saman om læringsmål. Gje tilbakemelding på både godt og vondt.
- Det har vore noko dårleg stemning blant nokre jenter i klassen, dette går på dårleg og negativt kroppsspråk (snu ryggen til og/eller himla med augo), ikkje sei hei til alle, utestenging på fritida. Dette har me snakka om på skulen, eg slår hardt ned på slik oppførsel og har snakka med nokre heimar om dette. Viktig at alle heimane tek ein samtale om dette. NB. Vær gode rollemodeller, slik me snakkar og oppfører oss, slik vil borna våre/elevane våre også oppføre seg..
- Fagleg: Norsk, her må det lesast. Alle har hatt framgang når det gjeld lesehastighet, mange har også framgang på leseforståing. Matte, her er det rekneartane som er viktig. Korleis stille opp og rekne ut fleirsifra tal innan addisjon og subtraksjon. Multiplikasjonstabellen er viktig. Fleire og fleire ser behovet og dermed øver dei også. Fleire av elevar kan alle 10, men nokre har ennå ein jobb å gjera. Dette må puggast. Elevane veit om mange gode nettstader der dei kan jobba med dette. Sjå elles itslearning saman med eleven, der finn de også link til sidene. Engelsk, her må glosane puggast og leksa lesast. Det er viktig med godt ordforråd skal ein kunna forstå tekstane i boka. Samlege elevar i klassen har meir å gå på, dei kan prestera meir i alle fag.
- Klassen vil få ny kontaktlærer til neste år, det er ikkje avklart kven dette vert ennå. (Viser til tidlegare ranselpost).
- Felles lunsj: elevane har eit sterkt ynskje om å ha felles lunsj nokre fredagar før ferien. Foreldre på møte var einig i dette, så eg vil koma med eit forslag på organisering ☺

Me er einig om å spele på lag, og halde nær og god kontakt mellom skule og heim. Send gjerne sms om det er noko. De har nokre fantastisk greie ungar, eg er ein glad og stolt kontaktlærer som gler meg kvar dag til å gå på jobb.

Vedlegg: PowerPoint frå foreldremøte.

Jannicke ☺